



UTSKRIFT

frå

M Ø T E PROTOKOLL

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
42/20	151	24.09.2020	01.10.2020	JS/KS

BUDSJETT FOR KONTROLLUTVALET 2021

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet ber kommunestyret løyve minst kr. 50.000,- til fri disposisjon for kontrollutvalet i budsjett for 2021. Leiar og møtegodtgjersle kjem i tillegg.

Vedlegg

Ingen.

Saksopplysningar

Budsjett for Vest kontroll – sekretariat for kontrollutval vert vedteke av styret for selskapet (samarbeidet). Dette budsjettvedtaket legg rådmannen inn i kommunebudsjettet. Sekretariatet er det utøvande lekk for kontrollutvalet.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet skriv mellom anna dette i Kontrollutvalsboka (2016):

«Det er avgjerande for godt kontrollarbeid at kontrollutvalsmedlemer blir sette i stand til å utøve vervet sitt på ein god måte: Kommunestyret bør sørge for at det er tilstrekkeleg budsjett til at kontrollutvalsmedlemmene kan delta på kurs og konferansar.»

«Kommunestyret er ansvarleg for at kontrollutvalsmedlemmene og varamedlemmene får tilstrekkeleg opplæring i sine kontroll- og tilsynsoppgåver.»

«Kontrollutvalet bør sørge for at medlemmene (både faste og vara) får tilstrekkeleg opplæring. Det vil vere nyttig at utvalet held seg orientert om arrangement i regi av bransjeorganisasjonar og foreiningar, og sjølv tek initiativ til kurs medlemmene har trong for»

I tillegg til den grunnleggjande opplæringa er det viktig at kontrollutvalet held seg oppdaterte. Dette er ein kontinuerlig prosess som det må løyvast midlar til.

For å gi kontrollutvalet gode arbeidsvilkår må kommunestyret stille naudsynte ressursar til disposisjon. (Kontrollutvalsboka 2016:16) Difor må kontrollutvalet ha sitt eige budsjett som mellom anna skal dekkje opplæring, kurs/konferansar, litteratur m.m.

Dette gjer at kontrollutvalet må be kommunestyret om budsjett i 2021 pålydande minst kr. 50.000,-.

Større særskilde tiltak/saker slik som granskning og større forvaltningsrevisjonar er halde utan om dette budsjettet. Her gjeld hovudregelen om at kontrollutvalet i førekant søker kommunestyret for å få løyvd nødvendige midlar.

Budsjettframlegget til kontrollutvalet kan berre endrast av kommunestyret.

«Grunnen til at budsjettet til kontrollutvalet er i ei særstilling, er at utvalet skal vere fritt og uavhengig av dei organa som utvalet skal kontrollere. Det er uheldig om administrasjonen eller eit organ som kontrollutvalet skal kontrollere og ha tilsyn med, til dømes formannskapet eller administrasjonsutvalet, får innverknad på budsjetttramma til tilsynsorganet. (Kontrollutvalsboka 2016:16)

Budsjettframlegget til kontrollutvalet skal uendra følgje det samla budsjettframlegget til kommunestyret, slik at kommunestyret ved budsjetthandsaminga har informasjon om både kontrollutvalet sitt framlegg og formannskapet si innstilling til budsjett.

Rett utskrift

Åram, 2. Oktober 2020

 **VEST KONTROLL**
SEKRETARIAT FOR KONTROLLUTVAL


Karoline Sighaug
Rådgjevar

**Utskrift til: Kommunedirektør
Økonomisjef**

**Vi ber om at kontrollutvalet sitt krav vert sett inn i budsjettet for 2021.
Saka må følgje kommunen sitt budsjettframlegg til kommunestyret.**